

Arkivnr: 2017/14816-31

Saksbehandlar: Roald Landøy, David Aasen Sandved, Erland Hofstad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018**Samandrag**

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Hordaland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for fartøyvern er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp under dette arbeidet. Halvparten av midlane er løyva av Hordaland fylkeskommune og resten av Riksantikvaren. Målgruppa har vore eigarar av fartøy som har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren. Berre i få tilfelle vert det gitt tilskot som monnar i høve til totalkostnaden til tiltaket. Den samla søknadssummen er kr 8.597.902, medan budsjettposten er på kr 1 680 000.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at saka har relevans for td. klimaavtrykk.

Folkehelse: Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa, og ein registrerer at det er brei interesse og stor oppslutning rundt mange av fartøya.

Regional planstrategi: Tilskotsordningane er sentrale verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Generelt	
Budsjett 2018 = 1.680.000	1.680.000
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2017
Vedtaks kriteria	Retningslinjer fastsett av KIRU 14.09.2016 , sak 113/16
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Søknader 2018	
Tal på søknader	25
Tal på søknader som er tilrådd støtte	18
Samla søknadssum	8.597.902
Tilrådd til fordeling	1.680.000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Vestlandet har alltid vore avhengig av samferdsle på sjøen. Eldre fartøy og båtar er difor ein viktig del av Hordalandshistoria. I dag er fylket sine flytande kulturminne ein svært viktig ressurs for kunnskap, oppleving og bruk. Fartøyvern er ein del av kulturminnevernet der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg stort fagleg og økonomisk ansvar. Hordaland har i nasjonal samanheng utvikla ein sterk regional politikk for å

støtte opp under desse kreftene, og regionale midlar til vern av fartøy har vore prioritert på lik linje med andre felt innan kulturminnevernet.

I tillegg til den fylkeskommunale ordninga løyver både Kulturminnefondet og Riksantikvaren midlar direkte til fartøy i heile landet. I samband med regionreforma er det planar om å overføre delar/eller heile beløpet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane, slik tilfelle er for statlege midlar til freda bygg og anlegg.

Nokre hovudtrekk peikar seg ut i søknadane for tilskot til sikring og istandsetjing. Fleire tiltak er store istandsettingsprosjekt, der både omfanget av arbeidet og kostnadene gjer at prosjekta går over fleire år. I 2018 har freda og verna fartøy registrert i Hordaland fått tilsegn om kr 10 556 033 frå Riksantikvaren og kr 535 000 frå Kulturminnefondet på Røros. Då vår ordning har ein samla søknadsum på 8 597 902, og budsjetttramma er på kr 1 680 000, har vi prioritert bort søknadar som har fått større tilsegn (over kr 150 000) frå andre offentlege tilskotsordningar. Ei hovudprioriterert i år vert tiltak som går på tryggleik og viktig istandsetjing av skrog.

Oppfølging av tilskot og gjennomføring av tiltaka

Når løyving frå fylkeskommunen er gjort og tiltaket er godkjend (kva metodar og materialar som skal nyttast), kan arbeidet starta opp. Dersom ein søknad vert godkjend slik den ligg føre, kan arbeidet starte opp når tilskotet er gitt. Etter at tiltaka er gjennomførte vert fartøyet som regel synfare. Ved andre høve er dokumentasjonen som er gjort god nok til at tilskotet vert utbetalt. Stordelen av eigarane legg vekt på god dokumentasjon.

Spesielle omsyn i fartøyvernet

Medan istandsetjing av bygningar (faste kulturminne) i hovudsak skjer på staden, er vøling av større fartøy vesentleg meir komplisert. Ved utbetring og vedlikehald er verftstilgang eit knappheitsgode, både i høve tid for slippsetting, arbeidskapasitet og kompetanse. Dette har påverka innrettinga av offentlege støtteordningar. I bygningsvernet vert det sett krav om at tiltaket ikkje kan vere starta før løyvinga er gitt, med mindre særskilte årsakar er til stades. I fartøyvernet er det derimot viktig å leggje til rette for at arbeidet kan gjerast når det er naudsynt, praktisk mogeleg og verfta har ledig kapasitet.

Fartøyvern er kostnadskrevjande. I motsetning til bygningsvernet er det som regel høge krav til inntening for å sikre fartøya sin økonomi. Dermed er det viktig for dei fleste større fartøy at ein raskt får dei i seglbar stand.

Hovuddregelen for offentlege tilskot i kulturminnevernet er at søknadene skal handsamast før tiltaket vert gjort. Likevel er Fylkesrådmannen si vurdering at omsynet til verftskapasitet og til driftsøkonomi gjer at fartøyverntiltak som er gjennomførte før tilskotshandsaminga ikkje bør diskvalifiserast. Etter nærare vurdering bør det vere høve til å søkje om å få dekka tiltaka etter at dei er gjennomførte, men slike unntak bør grunngjevast.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.04 slik:

Nr	Fartøy	Eigar	Kostnad	Søknad	Tildelt
1	MS Axel	Odd Harald Turøy	668.000	150.000	100.000
2	MF Bjørn-West	Opsangervågen veteranbåtlag	522.000	500.000	70.000
3	MB Mot	Bergen jæger og fiskeforening	545.000	295.000	60.000
4	MK Sjøgutt	Terje Midtun	1.212.283	60.000	50.000
5	MK Selma	John Audun Hauge	340.000	120.000	70.000
6	MK Vaarsol	Opsangervågen kystlag	478.825	378.825	70.000
7	MS Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	151.000	100.000	80.000

8	MS Vestgar	Øygardsbåtane AS	448.000	100.000	0
9	MF Skånevik	Ferjelaget Skånevik	1.669.350	1.669.350	0
10	MF Folgefonn I	Stiftinga Hardanger og Voss museum	9.332.007	150.000	0
11	MS Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	1.102.250	775.000	190.000
12	MY Tysso	Norsk Vasskraft og Industrimuseum	121.600	30.000	20.000
13	DS Stord I	Stiftelsen D/S Stord 1	1.035.000	1.035.000	430.000
14	MS Hamen	Stiftelsen Hamen ex DS Tandik	3.162.500	85.000	0
15	MK Vikingen	Stiftinga Hardanger og Voss museum	769.170	100.000	50.000
16	SJ Mathilde	Stiftinga Hardanger og Voss museum	1.235.980	200.000	110.000
17	MY Faun	Stiftinga Hardanger og Voss museum	260.270	50.000	40.000
18	MS Markol V	Bergen kommunale kystkultursenter	4.200.000	200.000	50.000
19	MS Lete	Stiftinga Halsnøy hist. senter	5.140.000	500.000	50.000
20	DS Oster	Nordhordland veteranbåtlag	194.300	90.000	0
21	MS Tysnes	Geir Røssland	300.000	120.000	0
22	MS Midthordland	Det midthordlandske	840.000	150.000	100.000
23	MY Quest	Gerhard Martin Eikeland	599.625	389.700	120.000
24	MK Askeladden	Terje Lamo	1.300.000	1.300.000	0
25	MF Hardangerfjord	MF Hardangerfjords venner	50.000	50.000	20.000
			35.677.718	8.597.902	1.680.000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Omtale av søknader til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018